



## DET KONGELEGE KULTURDEPARTEMENT

Fylkeskommunar og kommunar

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/5546-10

8. april 2019

### **Endringar i tilskotsordninga for spelemidler til idrettsanlegg og invitasjon til å kome med innspel**

Kulturdepartementet vil gjere endringar i tilskotsordninga for anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Formålet er å forenkle ordninga, samtidig som det framleis blir lagt til rette for utbygging av gode og behovsriktige idrettsanlegg.

#### **Departementet inviterer fylkeskommunane til informasjon- og innspelsmøte i Akersgata 59, tysdag den 7. mai 2019 klokka 10:00-14:00.**

- Fylkeskommunane må melde deltakarar på e-post til [dakr@kud.dep.no](mailto:dakr@kud.dep.no) innan 17.april. Spørsmål om endringane og praktisk informasjon kan også sendast dit.
- Departementet vil representerast på administrativt nivå.

Kommunane blir inviterte til å sende skriftlege innspel til [postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no) innan 10. mai. Fylkeskommunane kan også sende skriftlege innspel, særleg dersom dei er forhindra i å møte. Bruk vår ref. 18/5546.

#### **Bakgrunn for forslag til endringar**

Endringane omhandlar prosedyrar for saksbehandling, formalvilkår og -krav. Endringane omfattar ikkje formålet med ordninga, endringar i storleiken på tilskota eller anleggspolitikken.

I hovudsak inneber endringane at departementet avviklar statleg behandling av forhold som gjeld enkeltsøknader, at fylkeskommunane får rom til å utøve meir skjøn i behandlinga si, og at nokre vilkår blir fjerna. Utgangspunktet er at anleggseigarar og -byggjarar sjølv har kompetanse til og interesse av å realisere gode og varige anlegg.

Postadresse  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo  
[postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)

Kontoradresse  
Grubbegata 1  
[www.kud.dep.no](http://www.kud.dep.no)

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 866

Avdeling  
Avdeling for  
sivilsamfunn og idrett

Saksbehandlar  
Daniel Storholthe  
Kristiansen  
22 24 78 37

Fylkeskommunane har behandla tilskotssøknader i denne ordninga i over 30 år, og har lang erfaring og innsikt med dei faktiske forholda. Departementet vurderer derfor det som naturleg at fylkeskommunane kan utøve større grad av skjøn enn i dag, og regionalt ta stilling til forskjellige detaljforhold som i dag blir avgjort av departementet. Departementet vil gjere endringar i regelverk for ordninga gjeldande frå allereie komande søknadsrunde for løyvingar i 2020.

Ein enkelt søknad om tilskot til anlegg kan i dag utløyse krav om behandling på alle tre forvaltningsnivå. Dette er upraktisk for søkjarar, og det inneber stor ressursbruk i forvaltninga av ordninga. Vidare er det eit viktig digitaliseringsprinsipp at publikum berre skal måtte oppgje informasjon til den offentlege ein gong. Derfor blir dokumentasjonsvilkår redusert for forhold som det offentlege allereie har informasjon om.

### **Oversikt over dei viktigaste endringane**

Det vil utarbeidast eit nytt regelverk som er kortfatta, men tydeleg på dei punkta som skal vurderast. Det vil i tillegg utarbeidast eit samandrag av departementet sine kommentarar og omtale av gjeldande praksis til hjelp i fylkeskommunane si behandling.

Det er eit viktig omsyn for departementet at omfanget av saksbehandlinga ikkje blir auka. Sjølv om fylkeskommunen no vil kunne ta stilling til fleire forhold enn før, vil departementet utarbeide og/eller justere vilkår og prosedyrar slik at saksbehandlar tek stilling til tydelege og objektive kriterium som gjer behandlinga meir handterleg.

### **Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning blir avvikla, søkjar må attestere for idrettsleg utforming i søknaden**

- Søkjar må sjølv gjere greie for og dokumentere at anlegget har riktig idrettsleg utforming i tilskotssøknaden. Teikningar og skildringar av aktivitetsflater og -funksjonar blir vedlagde søknaden. Kommunar og fylkeskommunar går gjennom dette i søknadsbehandlinga, og ikkje i særskild godkjenningssak i kommune eller departement som i dag. Riktig utforming er søkjar sitt ansvar, og anlegg som ikkje oppfyller vilkåra vil medføre avslag og eventuell inndraging av midlar. Både søkjar og saksbehandlarar har tilgang til rettleiarar og målbok for idrettsanlegg, for å kvalitetssikre utforminga av aktivitetsanlegget. Gjennomgangen vil vektleggje at anlegget blir utforma etter relevante mål og storleikar for dei aktuelle idrettane, og skal vere konkret og enkelt å behandle.
- Departementet vil framleis utarbeide og publisere anleggsrettleiarar for riktig idrettsleg utforming, og følgjer opp utviklinga av nettstaden for auka anleggskompetanse på [www.godeidrettsanlegg.no](http://www.godeidrettsanlegg.no).

### **Førehandsgodkjenning av søkjarane sine vedtekter blir avvikla, kontroll av søkerett skjer i samanheng med søknadsbehandlinga**

- Søkjarar må oppgje tilknytta hovudorganisasjon i søknaden, og selskap, samvirkeføretak og stiftingar må leggje ved vedtektene. For desse skal det berre kontrollerast for nokre få objektive forhold i søknadsbehandlinga - at meir enn

halvparten av eigarpartane blir ått av ein førehandsgodkjent søkjar, at selskapet/føretaket/stiftinga har eit ikkje-fortenestebasert formål, og at det ikkje skal utbetalast utbytte.

**Særskilde vurderingar av satsar og anleggstypar blir avvikla. Det blir fastsett konkrete satsar for alle typar anlegg og i nokre tilfelle kalkylereglar for anlegg som har varierende storleikar.**

- Departementet vil fastsetje konkrete satsar og klare kalkyler for alle anlegg med rett til tilskot i regelverket. Departementet tek ikkje stilling til særskilde vurderingar undervegs i ein søknadsrunde, og både søkjar og fylkeskommune vil ha eit tydeleg og avklard regelverk å arbeide med.

**Krav om bruksrett til grunn, tinglysing av festekontraktar mv.**

- Der søkjar sjølv er grunneigar, eller har tinglyst festet sitt-/leigekontrakt, skal søkjar oppgjje gards- og bruksnummer i søknad. Fylkeskommunen kan sjølv gjere oppslag i grunnboka ved behov for kontroll.
- Der søkjar leiger grunn av kommunen skal dette stå i søknaden, og kommunen påfører søknaden ein merknad om forholdet.
- Der det ikkje er krav om tinglysing av avtalar med private grunneigarar skal avtalen vedleggjast søknaden.
- Fylkeskommunen får høve til å dispensere etter skjøn frå krav til tinglysing og/eller lengd dersom det vil krevje urimelege tunge prosessar i forhold til prosjektet/tilskotet sitt omfang å tilfredsstille kravet.

**Krav om kommunal garanti for spelemiddeltilskot blir avvikla**

- Vilkåret utløyser i dag nokså omfattande økonomiske forplikningar for kommunane ovanfor tredjepart. Vilkåret er i dag gjeldande eit lite utval anlegg, når dei overstig ein viss storleik på tilskotet. Departementet erfarer at garantiane sjeldan eller aldri kjem til nytte og finn derfor at det er tilstrekkeleg at søkjar sjølv står ansvarleg for tilbakebetalingskrav som i dag, men utan at kommunen skal stille sjølvskyldnargaranti.

**Fylkeskommunen vurderer sjølv behov for dokumentasjon av kostnader, finansiering og driftsplanar**

- Søkjar må fremje detaljerte kostnadsoversikter for å kunne fastsetje tilskot, og kunne dokumentere at prosjektet er fullfinansiert, men Kulturdepartementet fastset ikkje nærmare detaljerte vilkår knytte til dokumentasjonsomfang.
- Fylkeskommunen kan setje eigne vilkår for dette forholdet slik dei finn det formålstenleg. Fylka kan differensiere etter eiga vurdering av behov for detaljar.

## Om kommunal og regional planlegging og prioritering

- At idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning blir avvikla inneber ikkje at kommunen si rolle blir svekt. Anlegg må også i det vidare vere del av kommunen sine vedtekne planar for å få tilskot, og departementet vurderer på sikt om også regionane skal ha ei større rolle i planlegging i samanheng med tilskotsordninga enn i dag. Dette vil departementet kome tilbake til på sikt.
- Søkjarar treng ikkje sjølv dokumentere plass i kommunal plan ved søknad. Kommunen gjer greie for dette ved kontroll av søknadene, og i prioritering- og oversendingsbrev til fylkeskommunen.

Departementet ser fram mot nyttige innspel frå sektoren til arbeidet og ønskjer å finne løysingar der ein kan effektivisere behandlinga for både saksbehandlar og søkjar, samtidig som ein tek omsyn til kvalitet i dei endelege anlegga.

Som konsekvens av endringar vil neste søknadsrunde opnast seinare enn vanleg i påvente av nytt regelverk. Søknadsrunden for løyvingar i 2020 blir seinast opna 1. september 2019. Dette blir omtalt i eige brev.

Med helsing

Per Kristian Aasmundstad (e.f.)  
avdelingsdirektør

Daniel Storholthe Kristiansen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*